

# Sommaravslutning med grill-fest

Me inviterer med dette foreldre/føresette  
til felles avslutning av skule- og barnehageåret 13/14

torsdag 12. juni  
kl. 18.00



Barnehageborn og elevar har først eit lite program.  
Deretter vert det grilling – og sosialt samvær.

Kvar familie tek med det dei vil ha av grillmat m/tilbehør og brus/kaffi .

Vel møtt til ein triveleg avslutningskveld -  
og riktig god sommarferie til alle !

Helsing

*FAU og alle oss i Austebygd barnehage og Austebygd skule.*

\*\*\*\*\*

**NB!** Foreldrekontaktane + vararepr. på skulen og FAU-representantane i barnehagen møter kl.17.00 for å tenna opp grillane, og rigga til bord/stolar til sommaravslutninga.

**FAU ber om at alle vert med og ryddar og får alt på plass  
før dei går heim etter grillfesten!**

*Onsdag 18.juni kl. 19.00 skal 7.klassingane + føresette og tilsette på skulen ha avslutningsfest for avgangselevane våre.*

\*\*\*\*\*.

**Siste skuledag i 13/14 er fredag 20.juni.** Denne dagen sluttar elevane kl. 11.15, og skulebussen er bestilt til dette klokkeslettet.  
Det vert tilbod om SFO resten av dagen, for dei som har SFO om fredagane.

**I år er barnehagen** kun stengt i veke 29 og 30, og alle barnehageborna tek i tillegg ut 2 ferieveker i forkant/etterkant av desse 2 vekene (som påmeld).